

Notat

Dato: 09.08.2016
Arkivsak: 2016/4580-4
Saksbehandlar: johmeyer

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Orientering om overtalssituasjonen ved dei vidaregåande skolane pr 1. august 2016

Det vert vist til orienteringa i notatet til møte i Fylkesutvalet 23. juni i år (sak RS 112/2016)

Status pr 1. august er følgjande:

- HR-direktøren har totalt sendt ut førehandsvarsel om oppseiing i heile eller delar av stillinga til 33 tilsette. Seinare er 9 av desse meldingane trekt attende fordi ein med omdisponeringar ved skolar har funne rom for dei overtalige tilsette. (Førehandsvarsel er pålagt framgangsmåte med heimel i forvaltningslova, varselet skal fremjast 14 dagar før sjølv oppseiingsvedtaket vert sendt).
 - 112 saker er løyst, dei fleste ved omplassering til andre skolar og nokre få ved permisjon.
 - 20 tilsette har fått brev med vedtak om oppseiing.
 - 4 tilsette: situasjonen for desse er ikkje endeleg avklåra.
- Ein har følgd reglane for handtering av overtal. Fagkompetanse, sosiale tilhøve og ansiennitet er vilkår som må vurderast. Her er det slik at fylkeskommunen vert sett under eitt for å finne fram til dei med lågast ansiennitet der dette kriteriet gjeld for å definere overtal. Der ansiennitet har vore gjeldande har dei fleste kort ansiennitet i fylkeskommunen. Spennet er frå 3 månader til i overkant av ti år. Dei hovudtillitsvalde har vore kontinuerleg orientert om prosessen her.
- Dei som mottar førehandsvarselet og sjølv oppseiingsvedtaket får orientering om rett til møte med HR-direktøren for drøfting om stoda rundt deira situasjon. Dei får og i møte orientering om NAV si rolle etter ei oppseiing og om førerretten til ny stilling i fylkeskommunen i inntil eitt år etter at ei oppseiing er effektiv. For alle dei aktuelle i denne situasjonen gjeld ei oppseiingstid på tre månader, jf hovudtariffavtalen. Denne retten er betre enn den som går fram av arbeidsmiljølova.